

NOSP102-F (Fjernord) Nordisk: Moderne språk, våren 2020, evaluering
Ivar Utne, 12.4.2021

I denne undersøkinga har vi lagt vekt på å spørje mest om tema som vi kan bruke til planlegging av Fjernord vidare, bl.a. eksamensform, studiebrev, innhald i videoar, digital eller fysisk undervisning.

Emneansvarleg: Ivar Utne

Faglærarar:

Kari Kinn (morfologi og syntaks),

Ivar Utne (nyare språkhistorie, ordkunnskap, tekstsamanheng/tekstbinding)

Oppgåveretting: Kari Kinn og Ivar Utne

PRAKTISK GJENNOMFØRING AV EMNET

Emnet omfattar 15 studiepoeng.

Det var kombinasjon av nettundervisning og to helgesamlingar. Første helgesamling var med oppmøte i Bergen. Andre samling var over Zoom på grunn av korona-nedstenging.

Kvar veke blei det lagt ut ei undervisningspakke. Dette var nyskriving av pakker med studieråd og oppgåver.

Det var innlevering av ei obligatorisk oppgåve. Studentane fekk tilbake kommentarar. Dei som ikkje fekk godkjent etter første levering, leverte retta versjon.

Studieinformasjon:

Studieinformasjon blei gitt på Mitt UiB. Det var mest oppdatert på framsida for emnet. Om lag kvar veke gjekk det ut info med «Kunngjeringar» som òg gjekk ut med e-post til uib.no-adresser. Dette viste særleg til framsida, og hadde kortversjonar. Innhaldet for semesteret var dels lagt ut kronologisk i Modular, men òg dels tematisk. Stoff til helgesamlingane låg stort sett øvst og lett synleg.

Tilgang til relevant litteratur:

Fordelt på Mitt UiB (fillageret) og Akademika.

RESULTAT FRÅ EKSAMEN

NOSP102-F VÅR 2020

- | | |
|---|----|
| A | 2 |
| B | 14 |
| C | 31 |
| D | 20 |
| E | 6 |
| F | 3 |

	Oppmeldt	Møtt	Bestått	Stryk	Snittkarakter: C
Antall	100	76	73	3	
%	100	76	73	3	
%	100	96	4		(Tallene baseres på alle resultatene for eksamen)

Oppslutning om undersøkinga:

42 av 103 studentar svara på heile eller delar av undersøkinga, som vil seia 41 prosent. Dette er meir enn vi plar få inn av svar. Det er rundt halvparten av dei som møtte til eksamen.

Om kvifor Fjernord, og om dei var nøgde:

Spørsmål om kvifor studentane tok Fjernord, blei stilt med fleirvalsspørsmål. Dei fleste (86 %) ønska å få fagleg kompetanse og særleg kunnskap for å vera norsklærar. Ein av fem (21 %) svara at dei trong det for ein anna yrke.

Dei fleste (90 %) svarte i fleirvalsspørsmål at studiet hadde oppfylt ønska deira så langt (dei fleste hadde gått i fleire semester). På ope spørsmål om kvifor dei hadde valt Fjernord og om ønska er oppfylte, svara dei fleste at studiet var greitt å kombinere med jobb og anna. Dei nemnde godt fagleg innhald, god struktur, passe utval av aktivitetar og materiale, og videoar. Éin skriv: «litt mer grunnleggande norskopplæring ifht leseforståelse og skriving». Dei øvrige tek ikkje opp dette.

Studiebreva:

Det var, som nemnt eitt studiebrev kvar veke.

På fleirvalsspørsmål om korleis dei fungerte, svara dei fleste at dei hadde god nytte av studiebreva fordi det varr studietips, overblikk, øvingar og svarforslag til både øvingar og eksamensoppgåver.

I studiebreva hadde dei klart minst nytte av øvingar (63 % svarar at dei hadde lite nytte av dei).

Tenk framover, ønskjer dei fleste studiebrev med meir av studietips og overblikk (50 %), og svarforslag til oppgåver og eksamensoppgåver (43 %). Øvrige oppgåver kom därleg ut.

I opne svar om studiebreva skreiv studentane jamt over at dei er godt nøgde. Eit par studentar kunne ønskje meir fagleg djupn, og ein av dei nemner òg meir om bruk av stoffet i skolen. Ein nemner at jobbinga med treanalysar ikkje kom att til eksamen.

Videoane:

Studiet hadde med videoar for morfologi og syntaks, som var laga for nærstudiet. Dei dekte det meste av lærestoffet for desse delane av emnet.

Av videoane brukte dei fleste studentane (88 %) halvparten eller meir. Over halvparten av studentane (60 %) brukte alle eller nesten alle videoane.

Nesten alle (80 %) svarte at dei hadde godt utbytte av videoane, resten stort sett middels.

Som svar på ope spørsmål om kva dei syntest om videoane, fekk vi jamt over positive svar, særleg at videoane gav god oversikt. Nokre studentar nemner spesielt videoane med analyse av morfologi og syntaks som nyttige. Eit par studentar skreiv at dei synst videoane var for lange, og dei kunne ønskje at det var lettare å finne fram til bestemte stader i videoane.

Kommunikasjon med lærarane:

Om den faglege kommunikasjonen med lærarane svarte over 95 % av dei 85 % som hadde kontakt med lærarane, at dei var godt nøgde.

Samlingane:

Det var, som nemnt, to samlingar, ei i Bergen og ei over video (Zoom). Det blei stilt mange like spørsmål for kvar av samlingane, men studentane svara i hovudsak likt om det faglege.

Dei som deltok på samlingane, skreiv at dei særleg deltok for å få betre oversikt over kva vi la vekt på, og få meir forklaringar. Dei meinte dette var nyttig.

Knapt 2/3 (63 %) av dei som svarte på undersøkinga, deltok på samlinga i Bergen og 3/4 (75 %) på samlinga over video.

Nokre kunne ikkje delta av ulike grunnar. Stort sett var det at dei ikkje hadde tid då det var samling, for begge samlingane. For samlinga i Bergen oppgav eit par studentar kostnad for reise og opphold. Eit par studentar trudde det ville vera opptak av videosamlinga, eller sakna opptak (sjølv om det hadde vore kunngjort på fleire måtar at de ikkje skulle bli opptak).

Av dei som deltok på begge samlingane, svara nesten alle at førelesingane fungerte godt eller middels fagleg, 95 % i Bergen og 87 % på videosamlinga. For øvingane var svara litt lågare, med 77 % i Bergen og 72 % for videosamlinga.

Som svar på ope spørsmål svara dei som var i Bergen, at dei jamt over var nøgde med fag og praktisk organisering på samlinga. Eit par studentar synst det blei for mange timer i strekk, særleg laurdag. Éin student skriv at Kari si oppdeling med gruppearbeid innimellom løyste litt opp, medan det var tyngre hos Ivar som ikkje gjorde det.

Datautstyr:

Eige datautstyr fungerte for rundt 95 % av dei som deltok over video. Det tekniske opplegget i Bergen fungerte for alle.

Videosamling eller fysisk samling:

Dei var jamt over nøgde med å ha videosamling. Nokre få ville heller ha fysisk treff, medan nokre få andre synst video er best.

For komande semester då det låg an til meir korona-smitte, som ville sia hausten 2020, ville halvparten (47 %) helst ha to videosamlingar. Rundt $\frac{1}{4}$ (25-30 %) svarar på kvar av fleire alternativ om dreier seg om kvar veke eller med nokre vekers mellomrom, og i kombinasjonar med ei digital helg. Mange av svara på fleire alternativ.

Undervisning og eksamen:

Dei var jamt over (83 %) godt nøgde med samanhengen mellom undervisning og eksamen. Nokre få svara i opne svar at dei sakna trestrukturar til eksamen, og som dei hadde øvd mykje på.

Eksamensform:

Vel 90 % meinte at 7/8-dagars heimeeksamen fungerte bra.

Då vi spurde om kva dei førtekte, var det ganske få (5 %) føretrekte 7 dagars eksamen. Dei fleste (83 %) ønskete 4 dagars eksamen rundt ei helg.

Anna:

På ope spørsmål om dei har meir å leggje til, er det tre som svara at det var uoversiktlege nettsider. Det gjeld plasseringa av ulike delar av fagstoffet.

KOMMENTARAR FRÅ EMNEANSVARLEG

41 % av studentane har svart på delar eller heile undersøkinga, dvs. 42 studentar av 103. Rundt 70-80 var aktive og møtte til eksamen. Studentsvara viser jamt over at dei var nøgde. Helgesamling, studiepakker og videoar får jamt over positiv omtale. Det er ikkje kritikk av lærebøkene.

Eit stort fleirtal (rundt 86 %) tek studiet for å bli norsklærarar eller få kunnskap dei treng om nordiskfaget, medan rundt 20 % treng det til andre yrke.

Med tanke på framtida, ser vi at mange kan vera positive til meir digital oppfølging. Mange omtaler det som positivt, fordi det er praktisk. Her er desse svara knytte til korona-situasjonen og ikkje til ein meir normal situasjon, slik at vi ikkje kan leggje mykje vekt på svara her for tida etter korona. Derimot ser studentane ut til å vera nøgde med den digitale løysinga under koronaen våren 2020.

Mest avvikande frå opplegget våren 2020, og dessutan hausten 2020, var at eit stort fleirtal (83 %) ønskjer eksamen over fire dagar, og berre 5 % ønskjer 7 dagar.

Tillegg, bygd på semesteret etter (h20):

Evalueringa for NOSP103-F hausten 2020, semesteret etter dette, viser at dei fleste ønskjer digital undervisning for framtida. Den same evalueringa for NOSP103-F hausten 2020 viser motsette ønske for 4 og 7 dagar med eksamen.

Den emneansvarlege si vurdering av rammevilkåra

Lokale og undervisningsutstyr

Mykje av dette nedanfor er gjentaking av kommentarar frå bl.a. våren 2017 og for andre emne.

Undervisningslokalet, aud. A, manglar tavle som kan brukast for normal undervisning med samtale. Opp og ned med motorisert lerret og prosjektør av og på tek for lang tid.

Liknande problem gjeld ganske mange undervisingsrom. Ofte er det ein liten flik i ein ende av tavla som ein kan få notert stikkord. I rom med motorisert lerret, tek det tid å få prosjektør av og på.

Vi er fleire lærarar som ønskjer at UiB tenkjer pedagogisk om tavle. Dette har eg teke opp i ulike samanhengar gjennom mange år.

Pekestokkar og tusjar i romma er det òg bruk for.

Lause tavler i mange andre rom er lite stabile.

<>